

INFORMASJON OG LAGRING GJENNOM TIDENE

Alfabetet er eit sett med symbol som vi må kunne dekode for å tileigne oss informasjonen.

30 000 f.Kr.

Menneska uttrykker seg i bilde lenge før dei utviklar skrift. Dei eldste holemaleria vi kjenner til, finst i Frankrike og er om lag 32 000 år gamle.



4000 f.Kr.

Dei første skriftspråka blir til. Sumera-rane i det gamle Mesopotamia utviklar eitt av dei: kileskrifta. Ho er bygd på langt eldre bildeteikn.



Fra «oksehode» til A:

Fønikisk:

Tidlig gresk:

Romersk:

600 e.Kr.

Det romerske/latinske alfabetet kjem i bruk. Det byggjer på dei etruskiske bokstavane, som igjen byggjer på dei greske og fønikiske.

1450 e.Kr.

Tyskaren Johann Gutenberg utviklar ein trykkemetode med lause typar i bly. Frå no av kan informasjon bli masseprodusert.



Ved digital lagring vert informasjonen koda om til datasignal som vert lagra på ulike medium.



1951

Magnetbandet takast i bruk som datalagringsmedium, mellom anna for musikk (t.d. kassetband) og film. Det er enno i bruk, i nye former.

1725

Holbandet blir oppfunne av franskmannen Basile Bouchon. Tre år seinare utviklar hans elev Jean-Baptiste Falcon holkortet.



1957

IBM lanserer sin første harddisk («platelager»), med ein kapasitet på fem megabyte. Han kostar 35 000 dollar å leige.

1980

Sony og Phillips utviklar CD-plata. Ein vanleg CD kan lagre rundt 650 megabyte data. Han er laga av polykarbonatplast dekkja med aluminium.



1995

DVD-plata blir lansert. Ho kan lagre data i eit anna format, mykje tettare enn på ein vanleg CD, og i fleire lag. Eitt lag gir plass til 4,7 gigabyte.

Og så...?

Det blir heila tida forska på nye lagringsteknologiar. Norske Thin Film Electronics utviklar no ørsmå og billige lagringsprodukt basert på polymer.